

Fra: Ole Bakkebø <olebakkebo@gmail.com>
Sendt: onsdag 29. juni 2022 09:53
Til: Postmottak Alver
Emne: driftsbygning i landbruket Gbnr: 58/9 Ole Tundal Bakkebø

Alver kommune, byggesak.

Alver kommune, Byggesak

Eg viser til dykkar brev.

Dette er ei litt underleg sak. Etter nevnte samtale med Mette Robertsen sende eg det «uleselige brevet» til ein institusjon i Bergen og bad dei skrive det ut med alle sine vedlegg for å teste kvaitetan på dokumenta. Utskriftene var heilt kurrante å lese. Eit par dager etter vart alle dokumenta i saka med vedlegg lagt i ein konvolutt og sendt i posten til Alver kommune. Det som undra meg i ettertid var at eg (mot normalt for e-postsending til kommunen) ikkje fekk stadfesta mottak av denne postsendinga. Men eg kjente ikke til rutinene i kommunen og gjorde ikke meir med det. Eg rekna med at etter skanning ville eg få tilbakemelding fra Alver kommune.

I tillegg meiner eg å huske at den sendinga som var skriven ut, også vart sendt på nytt elektronisk til Alver kommune. Dette er eg dog usikker på og skal sjekke.

Dette har utvikla seg til ei beklagelig hending, men eg meiner at eg ikke har vorte orientert om desse tilsynelatande mangelfulle utskriftskvalitetane sidan kommunen har sendt div brev om dette til ukjent e-postadresse. . Eg skal på nytt samle saman desse dokumenta på nytt og levere dei for kopiering på kundeservice dersom kommunen ikke finn desse papira i sine arkiv.

Elles vil eg opplyse om at eg har innretta meg etter at søknaden vart sendt i februar og eg ikke hørte noko før i slutten av april og deretter ikke før nokre dager sidan.

Dette brevet er sendt i all hast for å respondere raskt på kommunens henvendelse. Håper at det likevel er tilstrekkeleg i første omgang.

Med helsing
Ole Bakkebø
90942794

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 58/9 Lygren indre

Tiltak: Byggjestad: Tiltakshavar: Ansvarleg søker:
driftsbygning i landbruket Gbnr: 58/9

Ole Tundal Bakkebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.02.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Viser mellom anna til samtale på telefon, den 20.04.2022 med omsyn til sakshandsaming, og søknad innsendt kommunen med vedlegg.

Som omtalt i nemnte samtale, så er alle dokument, kart, og teikningar uleselege.

Alt må av den grunn sendast til kommunen på nytt. Slik søknaden no føreligg, kan den ikkje handsamast.

For ordens skull nemnes at tidlegare Informasjon som gjeld søknad om tiltak på gbnr 58/9 Lygren Indre med omsyn til nye dokument mm. dessverre er sendt frå kommunen til feil e-post adresse, den 25 mars, samt den 20 april. De har

av den grunn ikkje motteke desse meldingane. Brev datert 11.04.2022. sendt frå kommunen, etterspurde dokumentasjonen med frist den 02.05.2022.

I samtale med dykk mellom anna pr. telefon den 20.04.2022. vart nemnte forhold avklart, og De blei oppmoda til å ta kontakt med innbyggjarservice i Knarvik dersom De treng hjelp til å sende inn dokumenta på nytt. Me kan ikkje sjå at det er kome inn noko nytt i saka.

Kommunen ber om at søknad med alle vedlegg vert sendt inn samla innan 21.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka avvist.